

Spørsmål til varaordføreren

I byrjinga av denne valperioden sat eg heime framom dataskjermen og såg overføring frå kommunestyret. Eg vart både sjokkert og rysta då Senterpartiet og Høgre gikk inn for å kjøpa det gamle Aksenbygget på Husnes utan verken å veta kva kostnader dette ville føra med seg, eller om ein kunne stetta kommunen sine behov for areal ved eit slikt kjøp.

Opposisjonen ynskte å utgreia fleire alternativ, noko som vanlegvis pleier vera smart, men vedtaket om kjøp av bygget vart trumfa igjennom utan å bli utgreidd.

Vår generasjon politikarar har ansvar for å ta kloke val som ikkje skal gå utover dei neste generasjonene - våre barn og våre barnebarn. Barn og ungdom vil at dagens politikarar skal gjera sitt ytterste for at ikkje neste generasjon skal få alt ansvaret for klimakrisa som dagens politikarar har stelt i stand. MDG vil bidra til å «rydda opp» no.

Politikk og avgjersler må sjåast i samanheng - det er dette ansvaret vi tek på oss når vi stiller til val som politikarar.

I Kvinnherad er det stor motstand mot å rasera store urørte fjellområder med å byggja vindkraftverk i fjellheimen vår. Verda treng meir fornybar energi, men dette kan ikkje gå på bekostning av urørt natur. Som alternativ til utbygging av vindkraft er det spesielt to tiltak som kan gi like god effekt i forhold til miljøkrisa.

- Det eine tiltaket er renovering av eksisterande vasskraftverk, for å få dette til må stortinget vedta endringar i skattereglane.
- Det andre tiltaket er energieffektivisering i nye og eksisterande bygg - spesielt må det stillast svært strenge krav til nybygg og til bygg der ein renoverer i betydeleg grad. Aksen er eit slikt bygg. Det er kommunepolitikarane sitt klare ansvar at dette vert fulgt opp, og det må gjerast no.

Aksen er no strippa for golv, vegger og tak. Nesten alt blir nytt. Ein kan i dag nytta teknologi og byggja på ein så smart måte at ein nærast slepp å tilføra energi til bruk i bygningen. Ein kan, og bør, bruka all den teknologien som er tilgjengeleg for å få energieffektive bygg. Bruk av jordvarme, solcellepanel på tak, solfangarar og anna effektiv teknologi må nyttast.

SPØRSMÅL

- Kan varaordføreren gjera greie for om kommunen tek omsyn til dagens ungdom ved å byggja Aksen så miljøsmart som mogeleg?
- Vert det nytta jordvarme eller tilsvarande smarte løysingar i bygget?
- Vert det montert solcelleanlegg på taket av bygget?
- Vert det montert solfanger?
- Og det viktigaste spørsmålet:
- Vert bygget renovert til å tilfredsstillast krava for energiklassifisering A?

Jostein Saghaug
MDG - Miljøpartiet dei Grøne